



KVINNHERAD  
KOMMUNE



Politiråd 13. desember 2024



## Agenda

- Orientering frå politiet om trusselvurdering knytt til ungdomskriminalitet – Sigurd Børve orienterar
- Kortfatta orientering om UngData tala frå 2024

Samla ynskje inn mot politiråd 2023 at det vert jobba fram eit meir helskapeleg førebuande program for barn og unge i kommunen. Fokus: nettvett, psykisk helse, seksualitet og rus med aldersadekvat adressering. Som ein del av dette er kommunikasjon med foreldre kring ungdomstid, skulevegring og viktigheten av foreldrerolla heilt sentral.

- Orientering om evaluering av forebyggande program Ung i Kvinnherad og forslag til endringar.

### Satsingsområder for 2024

- Forebygging av vald og overgrep
  - Psykisk helse
  - Rus
  - Trafikktryggleik
- Satsingsområde for 2025





## Orientering

Vest Politidistrikt har gitt ut lokal trusselvurdering om mellom anna utviklinga i ungdomskriminalitet, som også kan være aktuelt i Kvinnherad.





# UNGDATA 2024

## Positive trendar



Majoriteten av ungdom i Kvinnherad er nógde med livet (83% i 21 mot 81% i 24

Ungdom er nógde med foreldra sine – stabil tidstrend (86%)

Auke (60% ) i ungdom som deltar i regelmessig fysisk aktivitet og trenar minst ein gong pr veke. Opp frå 49 % i 2019.

Eit auke i ungdom som trenar på treningsstudio - nasjonal trend

Færre ungdom rapporterar om mobbing eller utfrysing


Ungdom er generelt nógde med lokalmiljøet og opplever at dei er trygge i sine nærmiljø

Elever rapporterar om generell høg trivsel på skulen (78% gutar og 81 % jenter i ungdomsskulen), noko høgare på KVV

Ungdom rapporterar om stabil foreldreinnvolvering (95%) (dei veit kven dei er med, kva sosiale medium dei nyttar, kor dei er etc.)

Ni av ti unge har ein ven dei kan stole på - stabil tidstrend

# SKJERM OG NETTVETT



Vi ser ein betydelig nedgang i foreldre sin begrensning av, og bekymring kring, skjermbruk hos unge (frå 44 % i 2019 til 33 % i 2024).


Vi ser eit tydeleg auke i søvnproblem blant unge frå 2019 til 2024. Opp mot 70% på KVV seier skjerm har påverka søvn

Sett foreldre færre grenser?


Skjerm har gitt reduksjon i konflikt i heimen, men ungdom har auka si tid på skjerm.

70 % på kvv synes dei er for mykje på skjerm (56 % i 2019). 50 % har forsøkt å redusere skjermtid utan å klare det (34 % i 2019).

## Prosentandel som har svart ja på at dei har delt nakenbildete av seg sjølv ein eller fleire gonger dei siste 12 mnd (2024)



## Prosentandel som har svart ja på at dei har motteke nakenbildete af frå andre ein eller fleire gonger dei siste 12 mnd (2024)



# Press for å drikke og prøve narkotika?



Vi ser eit auke i andelen ungdommar som drikk alkohol jevnlig.

I 2024 rapporterer 31 % av ungdommane på VG1 at dei drikk alkohol kvar veke, mot 19 % i 2021.

Det er ingen indikasjon i tala på at ungdom startar å drikke tidlegare enn før, men det er tal som viser at fleire drikk meir når dei har starta å drikke, og at dei får lov av foreldra.

Ny måling på opplevd press for å prøve narkotika – mest press opplevd i 10. Trinn og VG1.

Haldningar til legalisering av cannabis har justert seg ned.

# Sett foreldre færre grenser? ALKOHOL




Vi ser ei mild auke i kor ofte ungdom drikk og kor mykje dei drikk. Dette veit vi har ein samanheng med signal og forventningar som gis frå heimen


38 % av ungdom på kvv får lov å drikke alkohol av foreldre før fylte 18 år i 2024 mot 16 % i 2019.

# Vold: Tenk på de siste 12 mnd Ungdomskulen

2021




2024



Vi ser ein bekymringsfull auke av vald blant ungdom på 10 % på tre år. Guttane er meir utsett for vald enn jentene. Det er ei mild variasjon i dei andre spørsmåla om vald i familien

# Psykisk helse kort oppsummert



Jenter rapporterer om høgare grad av plagar og press og stress enn gutane og lågare grad av glede, optimisme, meistring og engasjement.

Auke i søvnproblem

Auke i ungdommar som nyttar reseptfrie smertestillande kvar veke/dag (frå 14 % i 2021 – 27% i 2024)

Stabile, men fortsatt høge tal på ungdom som har ei oppleving av tristhet eller depresjon.



# Beklymrings meldingar til barnevernet i 2024



194 meldingar totalt. 19 vart henlagt. 40 vart henlagt grunna aktive tiltak. 38 meldingar var medling i pågåande sakar. 97 meldingar gjekk til undersøking.

Same melding inneheld ofte fleire grunnar for tilmelding. Av dei registrerte meldingane hittil i år, omhandla meldingane:

**Psykiske helse:** 56 - foreldres psykiske problem/lidelse 19 - barns psykiske problem/lidelse

**Rus:** 23 - foreldres rusproblem; 5 - Barns rusmisbruk

## **Vald og overgrep:**

39 - Vald i heimen/barn vitne til vald; 27 - Barn utsatt for fysisk vald; 42 - Barn utsatt for psykisk vald; 12 - Barn utsatt for seksuelle overgrep



## Fokus 2024

### ***Førebygging av vald og overgrep***

**Satsingsområde har vore prioritert område sidan 2021 i samarbeid med Ullensvang.** Det er store mørketall i kommunen og store ressurser benyttes inn mot dette feltet.

#### **Mål:**

- Barn og unge har kunnskap om sine rettar, grenser knytt til eigen kropp og seksualitet. [www.jegvet.no](http://www.jegvet.no) er ein nasjonal godkjend nettressurs som er sett i system og som er hovedingrediensen i undervisningsopplegget «E D Greitt?»
- Gje kompetanseheving til vaksne som møter barn og unge. Vaksne skal vite kva teikn dei skal sjå etter for å avdekke vald og overgrep. Dei skal vite korleis dei skal snakke med barn om vonde opplevingar og dei skal være trygge vaksne i dei situasjonane. Dei vaksne skal vite kva dei skal gjere ved avdekking av vald eller overgrep.
- Etablere gode hjelpetiltak og gode rutinar for korleis ein jobbar når vald og overgrep er avdekka.

#### **2024:**

- Kvar barnehage /skule har etablert Barnas Verneombod (1-2 personar sikrar at «E D Greitt?» er inkludert i årshjulet og vert inkludert i undervisning
- Det er utført to fagdagar for alle Barnas verneombod og leiarane ved einingane. Fokuset på desse fagdaganer er kompetanseheving innan vald og seksuelle overgrep.
- Det er utført eit kurs i avdekking av vald og seksuelle overgrep med 130 deltakarar.
- Statsforvaltaren er nøgd med utviklingsarbeidet og har tildelt friske midlar for deling av erfaringar med andre kommunar av « E D Greitt?» , rutine etter tilrettelagt avhøyr og rutinar i arbeidet med vald og seksuelle overgrep.





## ***Psykisk helse***

### **Fokus 2024**

Barn og unge rapporterer vedvarande utfordringar knytt til sin psykiske helse.

skulehelsetenesta opplev stort press:

Skulehelsetenesta i grunnskule: sjølvbilde, vennskap, ungdom med to heimar, omsorgssvikt der BV er kobla på, redsel av ulik art(ungdommer kaller det angst sjølv om diagnosen ikkje er sett av lege), overvekt, manglande mestring fagleg og sosialt, utanforskap, anorexi, depresjon (dei to sistnevnte i samarbeid med BUP), grenser heime osv

På KVV: Dei fleste konsultasjonane omhandlar psykiske vanskar som depresjon, sjølvordtankar, spisevanskar og angst. Fleire gutar enn ellers haust 24. Felles for fleire av desse er at dei er deprimerte og har sjølvordtankar. Har det og vore fleire jenter med spisevanskar.

Opplevd auke i bruk av energidrikk og at ungdom regulerer søvn ved sjølvmedisinering med melatoninindråper utan å konsultere lege.

#### **Tiltak i 2024**

- Flere instansar gjer gode tilbod for felles arrangement der alle kan delta - vårspretten, Open hall i Kvinnherad arena, opne tilbod på ungdomsbasane, gjennom frivilligsentralen, mental helse Ungdom, BUA og innsats for andre.
- Ungdomsbasen i Rosendal har auka tilbodet til to dagar per veke. Husnes har 4 dagar per veke – 1 dag for eldre ungdom.
- Sektor oppvekst jobbar aktivt med gode læringsmiljø på skulane – skape tryggleik og trivnad – fokus på inkludering
- Tverrsektorielt fokus på å styrke korleis vi fangar opp, og følger opp barn som er pårørande - felles fagdag og fokus på å styrke rutinane i kommunen.
- Styrke sosial inkludering – Etablere tiltak der unge i utanforskap inkluderast – I
- Kontinuerleg arbeid i å styrke tilsette i å stå i samtalar med barn og unge på lågast mogleg nivå - samtalar med barn, E D GREITT?





## Fokus 2024: *RUS*

*Vi har ein situasjon i kommunen der ein ikkje har konkret kjennskap eller bekymring knytt til rus blant dei under 18, men der ungdom sjølv uttalar at det er «vanleg». Vi har kjennskap til rusproblematikk hos eldre ungdom.*

Politiet har redusert fokus, og mottek ikkje bekymringsmeldingar knytt til rus.

Rus og psykisk helse har ansvaret for rådgjevande organ for russaker – har ikkje motteke nokon saker p.d.d.

Tiltak 2024:

- Fokus på rus og haldningsskapande arbeid retta inn mot 7- trinn og ungdomsskulen.
- Styrke natteramnane - delvis aktive på Halsnøy og Husnes, ligg nede i Rosendal.
- Tverrfagleg samhandling i det førebyggjande arbeidet – det er gjort ei evaluering av Ung i Kvinnherad





## Fokus 2024: *Trafikksikring*

Trafikksikring er eit kontinuerleg og svært viktig førebyggjande arbeid både for politiet og Kvinnherad kommune – i tett samarbeid.

Skal til ein kvar tid haldast i fokus og prioriterast høgt på dagsorden.


Politiet har kontrollar med fokus på rus og merksemd.





## Evaluering av Ung i Kvinnherad

- *for mykje* informasjon blir gitt på *for kort tid* kun på *eit punkt* (7. Trinn).
- Informasjon og dialog med elevar og foreldre gjentakande gjennom oppveksten til barna. Fokus bør være på psykisk helse (inkludert grensesetting, søvnhygiene, skjermvanar) frå ung alder og rus og nettvett når elevane blir eldre.
- Vi anbefaler å leggje eit forebyggjande løp der foreldre får fagleg oppdatert informasjon og vert styrka i grensesetting tidleg; der elevane får aldersadekvat informasjon, gjentakande gjennom skoleløpet, særleg ved dei punkta der dei startar med eksperimentering av eksempelvis bildetaking, sosiale media, alkohol, sex, narkotika.





## Anbefalingar

*Barnehage: Barn og familie deltek i foreldremøter. Tilbyr foreldrekurs.*

*1.Klasse: skulehelseteneste deltek i foreldremøter og har elevsamtalar - grensesetting + skjerm med oppdatert og likt innhald*

*1.-4. Klasse: skulen jobber med psykisk helse i tråd med læreplan. "Eg veit"*

*1.Klasse: skulehelsetenesten har foreldresamarbeid – skjerm og mobilbruk*

6. klasse: Politiet kjem inn og har delbart og tilpassar innhald til behov i dialog med skule. Foreldre får informasjon heim.


7. klasse: Fokus på ernæring, kropp og psykisk helse - må arbeide fram eit program.

8. klasse: delbart for elevar på dagtid og foreldre på kveld med fokus på å bli kjent og sette nokon felles rammer

9. klasse: Veke 6 på dagtid og foreldremøte med elevar og foreldre på kveld. Fokus på alkohol og rus.

10. Klasse: samtale med politiet om rus på dagtid.

KVV – trafikksikringsdag i 1 kl, og årlege møter med russen haust/vår 3. kl med fokus på inkludering, rus og samtykke ved seksuell aktivitet.





# Fokus 2025

- Forebygging av vald og overgrep,
- Rus og kriminalitet
- psykisk helse
- Trafikktryggleik

